



Nye Ålesund kommune
Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Informasjonsbrev 26. april 2017

Dette er det første av fleire informasjons- og nyheitsbrev som går ut til alle tilsette i nye Ålesund kommune. Brevet er meint å sikre at alle tilsette får samtidig og likelydane informasjon.

Som du ser, så har brevet ein logo med berre fire kommunevåpen, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. Likevel går brevet også ut til tilsette i Haram kommune. Haram er med i prosessen etter innstillinga til Stortinget som seier at Haram skal vere med på tvers av lokalt vedtak. Haram har vald å vere med i det førebuande arbeidet inntil vidare, men ønsker å vente med å vere med i felles logo til etter Stortinget har fatta vedtak om Haram skal inn, 8. juni.

Dette informasjonsbrevet er drøfta med tillitsvalde i alle dei deltakande kommunane fordi det inneheld mykje formell informasjon om forholdet mellom arbeidsgivar og tilsett. Det vil komme fleire nyheitsbrev som ikkje er drøfta med tillitsvalde, men meir er baserte på vedtak og nyheiter i prosessen.

Nyealesund.no

Prosjektet nye Ålesund har fått ei nettside der all informasjon er samla. Sida fungerer som intra- og internett. Nettsida er ein viktig arena for innbyggjarar, tilsette, politikarar og media for å kunne sjå når det er møter, finne møtedokument, kontaktinformasjon til leiing og tillitsvalde og informasjon om arbeidsgrupper, delprosjekt og kvar vi er i bygginga av den nye kommunen. Nyealesund.no er eit supplement til kommunane sine egne nettsider og intranett.

Du kjem inn på sida ved å trykke på knappen som omhandlar kommunereform eller den nye kommunen på eigen kommune si nettsida eller ved å gå direkte til nyealesund.no.

Kva skjer med tilsette i samband med kommunereforma?

Informasjon til tilsette i kommunane Ørskog, Sandøy, Haram, Skodje og Ålesund.

I samband med Stortinget sin tilslutning til å gjennomføre ein kommunereform, er det avgjort at kommunane Ålesund, Ørskog, Sandøy og Skodje saman skal danne ein ny, felles kommune.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet innstiller på at også Haram kommune skal inn i den nye kommunen, jamfør Prop. 96 S (2016–2017) «Endringar i kommunestrukturen» framlagt 5. april. Fylkesmannen i Møre og Romsdal innstiller også på dette. Stortinget tek si avgjerd i saka 8. juni.

Den nye kommunen skal heite Ålesund kommune. Fram til samanslåinga blir kommunen kalla nye Ålesund kommune.

Målet er at nye Ålesund kommune skal vere ein god og robust kommune. Kvaliteten og servicen på tenestene skal utviklast til det beste for tilsette og innbyggjarar. Intensjonsavtalen skriv meir om visjon og overordna målsetjing med å gå saman i ein felles større kommune, avtalen finn du her: [intensjonsavtalen nyealesund.no](https://www.alesund.no/Intensjonsavtalen-nyealesund.no)

Samanslåinga av kommunane skal vere klar innan 1. januar 2020. Til saman vil nye Ålesund kommune, dersom alle fem kommunane er med, ha over 5 000 tilsette.

Overgangen frå dei fem kommunane og til ein ny kommune, er blant anna regulert gjennom arbeidsmiljølova sine bestemningar om verksemdsoverdraging. Dette inneberer at alle tilsette vert overført til den nye kommunen. Lovverket sikrar rettighetene til dei tilsette i ein slik omstillingsprosess.

Her er ei oversikt over kva følgjer kommunesamanslåinga kan ha for deg som tilsett:

Kva med jobben din når kommunane slår seg saman?

- Ei kommunesamanslåing er ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova sine reglar. Dei fem «gamle» kommunane opphøyrer, og det blir etablert ein ny, felles kommune.

Alle tilsette i dei tidlegare kommunane vil automatisk bli overført til den nye kommunen. Det vil seie at du -frå 1. januar 2020, vil vere tilsett i nye Ålesund kommune. Ingen vil bli sagt opp som ein direkte konsekvens av kommunesamanslåinga, men det kan vere at enkelte tilsette får endra sine oppgåver og arbeidsstad.

I samband med kommunesamanslåinga vil stillingar i øvste leiing, «nøkkelstillingar» og andre administrative stillingar kunne gje overtalligheit. Forslag til løysing på dette vil drøftast i samråd med tillitsvalde, og fellesnemnda vil velje løysing basert på drøftingane.

Arbeidsmiljølova § 16-3 gir tilsette høve til å reservere seg frå overdraginga og bli hos den tidlegare arbeidsgjevaren. Dette har lita hensikt ved kommunesamanslåingar, då den gamle kommunen vil opphøyre.

Kvar skal du arbeide?

- Dei fleste verksemdene vil etter kommunesamanslåinga utføre tenestene om lag som i dag. Dette vil for eksempel gjelde skular, barnehagar og helsetenester. Det kan likevel skje endringar i slike tenester som følgjer naturleg av kommunen sine oppgåver og samfunnsansvar. Eventuelle rasjonaliseringstiltak skal drøftast med tillitsvalde, og tilsette vil i god tid få informasjon i samsvar med lov- og avtaleverk.

Samanslåinga vil i nokre tilfelle også kunne innebere endring av arbeidsstad. Dette vil i første omgang vere tilfelle for tilsette i administrative stillingar.

Får du andre oppgåver i den nye kommunen?

- Dei tilsette skal inn i ein ny organisasjon frå 2020. I forkant vil arbeidsgjevar gjennomføre kartleggingar, og det skal utarbeidast omstillingsplan og bemanningsplan for den nye kommunen.

Endringar av arbeidsoppgåver kan bli ein konsekvens av samanslåinga. På lik linje med endring av arbeidsstad, vil slike endringar vere ein naturleg følgje av omstillinga. Også dette vil i første omgang vere mest aktuelt for leiarar og for andre administrative stillingar.

Partssamarbeidet skal ivaretakast. Saker skal drøftast med tillitsvalde, og tilsette vil bli informert i god tid. Prosessen for korleis dette skal handhevast vil etter drøfting følgje naudsynte prosedyrar i lov- og avtaleverk.

Kva blir dine løns- og arbeidsvilkår?

- Overføring av ditt arbeidsforhold frå noverande kommune til ny kommune tilseier at dine retter og plikter som tilsett følgjer lov- og avtaleverk som no.

Etter kommunesamanslåinga kan ein oppleve at det vil vere ulik praksis i samband med løns- og arbeidsvilkår mellom tilsette frå dei gamle kommunane. Desse vil over tid bli harmoniserte. Dette arbeidet vil gjerast i samråd med dei tillitsvalde gjennom særskilte forhandlingar og via dei årlege lønsforhandlingane.

Arbeidsgjevar vil i tida fram til kommunesamanslåinga vurdere dei ulike kommunane sine styringsdokument, arbeidsgjevarepolitiske retningslinjer, særavtalar, løns- og stillingsbeskrivingar, systemverktøy og organisasjonsstruktur m.m. Alt no kan ein starte harmonisering rundt enkelte område, medan det på andre område vil vere naudsynt med underprosjekt/arbeidsgrupper, drøftingar og forhandlingar. Alle prosessar skal drøftast med tillitsvalde i samsvar med lov- og avtaleverk.

Pensjon

- Pensjonsordningane er tariffesta og vil vidareførast også etter samanslåinga.

Kven ivaretek dine interesser som tilsett i denne prosessen?

- Reglane for dei tilsette si involvering følgjer av lov- og avtaleverket.

Hovudtillitsvalde og vernetenesta vil vere dei tilsette sine representantar i prosessane som kommunesamanslåinga medfører, og desse vil ivareta dine interesser.

Kvar vil du finne informasjon om prosessane om kommunereforma i nye Ålesund kommune?

-Du vil finne informasjon om kommunereforma på kommunen din si heimeside.

Prosjektet nye Ålesund har også fått ei nettside der all informasjon er samla. Du finn nyealesund.no på din eigen kommune si heimeside ved å trykke på ein knapp som omhandlar kommunereform eller nye Ålesund eller du kan gå direkte til sida ved å søkje opp nyealesund.no.

Sida fungerer som intra- og internett og sikrar likelydande og samtidig informasjon til alle dei involverte kommunane. Nyealesund.no er eit supplement til kommunane sine egne nettsider og intranett.

Nyheitsbrev som blir sende ut og svar på desse spørsmåla finn du under For tilsette på nyealesund.no. Der ligg også oversikti over tillitsvalde. Scroll nedover sida for å sjå alt.

Våre leiarar vil også jamnleg gi informasjon og svare på spørsmål.

Våre hovudtillitsvalde og hovudverneombod kan hjelpe deg å svare på spørsmål som du lurar på, eller henvise deg vidare.

Det er mange detaljar og spørsmål som ikkje er avklarte og som vil bli avklarte undervegs i prosessen. Gjennom heile prosessen vil hovudtillitsvalde/hovudverneombod (representantar for tilsette) vere involverte.

Med helsing

Astrid Eidsvik
Rådmann Ålesund

Bente G. Vikhagen
Rådmann Skodje

Synnøve V. Synnes
Rådmann Ørskog

Kim André Breivik
Konst. rådmann Sandøy

Turid Hanken
Rådmann Haram

Prosjektkoordinator nye Ålesund kommune:

Anne Berit Støyva Emblem, tlf: 922 43 364 epost: anne.emblem@alesund.kommune.no

Personalsjef/personalansvarleg i kvar kommune:

Roar Reiten, Ålesund kommune, epost: roar.reiten@alesund.kommune.no

Janette Steinvik, Ørskog kommune, epost: janette.steinvik@orskog.kommune.no

Malin Piegsa, Skodje kommune, epost: malin.piegsa@skodje.kommune.no

Mariann Husøy, Sandøy kommune, epost: mariann.husoy@sandoy.kommune.no

Petter Sortevik, Haram kommune, epost: petter.sortevik@haram.kommune.no

Kontaktinformasjon til tillitsvalde og hovudverneombod i styringsgruppa:

Ørskog

Geir Johan Skodje- UDF/Unio

Tlf: 977 09 287 e-post: Geir.Skodje@orskog.kommune.no

Michael Werner-Fagforbundet/LO (vara)

Tlf: 900 33 448 e-post: Michael.Werner@orskog.kommune.no

Skodje

Ramona Pilskog – Delta/YS

Tlf: 906 71 479 e-post: ramona.pilskog@skodje.kommune.no

Geir Lorentzen – UDF/Unio (vara)

Tlf: 918 82 943 e-post: geir.lorentzen@skodje.kommune.no

Sandøy

Laila Alvestad (Fagforbundet/LO)

Tlf: 977 45 156 e-post: laila.alvestad@sandoy.kommune.no

Ragnhild Brevik Heggdal UDF/Unio (1 vara)

Tlf: 917 29 882 e-post: ragnhild.heggdal@sandoy.kommune.no

Linn Jenny Morsund NSF/Unio (2 vara)

Tlf: 414 46 306 e-post: linn.jenny.morsund@sandoy.kommune.no

Ålesund

Lindis Dalebø-Fagforbundet/LO

Tlf: 482 11 273 e-post: Lindis.Dalebo@alesund.kommune.no

Regina Steinberger-Akademikerene (vara)

Tlf: 926 52 438 e-post: Regina.Steinberger@alesund.kommune.no

Haram

Endre Hellandsvik-UDF/Unio

Tlf: 911 81 966 e-post: Endre.Hellandsvik@haram.kommune.no

Randi Otterlei Alvestad – Fagforbundet/LO (vara)

Tlf: 907 13 380 e-post: Randi.Alvestad@haram.kommune.no

Hovudverneombod styringsgruppa (representerer alle hovudverneomboda):

Lars Marius Rindal (repr. frå Ålesund)

Tlf: : 416 74 941 e-post: Lars.Marius.Rindal@alesund.kommune.no